

## Uttale i høve søknad om tilskot for sommarkonsertserien i Vangskyrkja

(Søknaden vert formidla av kulturaktøren «Musica Nord»)

Hausten 2014 var eg invitert med til eit møte i Voss kulturhus av Gunhild Utkvitne/Voss kommune. Med på møtet var 2 representantar for stiftinga «Musica Nord», Gunhild Utkvitne, og 2 representantar frå Voss kulturhus, inklusive dåverande konstituert kulturhussjef Per Støyva.

Formålet med møtet var å sjå på moglegheiter for ein arena og mulige støtteordningar for utøvande kunstnarar som «Musica Nord» formidla, gjennom såkalla «satelittkonsertar».

Utfallet av møtet vart at Voss sokneråd no i 3 år har valt å samarbeida med «Musica Nord», ved å tilby desse «satelittkonsertane» for vårt etablerte publikum gjennom serien med sommarkonsertar i Vangskyrkja, som har vorte gjennomført årleg sidan 2012; ukentleg og over ein periode på 9-10 veker. 3 av sommarkonsertane har kvart år vore basert på samarbeidet med stiftinga «Musica Nord». Voss sokneråd, Voss kommune og andre har syta for at me har klart å oppretthalda tilbodet.

Frå eit musikkfagleg standpunkt er det veldig ynskjeleg å fortsetja denne satsinga, sidan bygda Voss og «kulturhuset» Vangskyrkja gjennom dette samarbeidet får tilgang på utøvarar på høgt nasjonalt, så vel som internasjonalt nivå, som ein ikkje utan vidare elles hadde fått tilgang på, *uavhengig* av kven som sto bak som arrangør. Både fastbuande og ein stor mengde turistar nyt godt av dette.

Voss sokneråd har ikkje økonomi til åleine å drifia ei ynskja vidare satsing, med dei faktiske kostnadane, slik dei vart presenterte i møtet på Voss Tinghus torsdag 28.09. 2017. Det er då mitt håp at andre aktørar/tilskotsordningar òg vil sjå verdien av desse «satelittkonsertane» også for framtida. Denne type av «satelittkonsertar» er unikt i landssamanheng, så vidt eg kjenner til. P.g.a. stabile besøkstal for sommarkonsertserien, Vangskyrkja som kulturarena, og etablert kontakt/godt samarbeid gjennom fleire år, kan eg berre gje ei definitiv anbefaling av ei forventa vidareføring av tiltaket. Denne anbefalinga gjeld både det kunstnarlege nivået og vurdering av nytteverdien for bygda Voss.

Voss, 29.09. 2017

Magnus Kløften (sign.), kantor i Vangskyrkja